



**Oskenedfallet frå Island vart gradvis mindre mot kvelden tysdag også i våre strok og det kraftige regnet sist natt fjerna også det meste av det ekle, grå laget på bilar, altanar og terrassar.**

- Eg tykkjer nedfallet nesten var litt uhyggjeleg, seier Gunn Marit Moberg. Soim andre undrast ho på fleire ting i samband med den spesielle naturopplevinga. Heldigvis har ho ikkje høyrte om nokon i Uskedalen som har hatt pusteproblem.

Men fleire lurar til dømes på om om oska har skada lakken på bilane og kor viktig det er å spyla eller vaska dei. Leiinga i Auto 88 innrømmer at dei ikkje veit noko om eventuelle skadeverknader på bilar og difor ikkje kan svara på det.

- Men i alle høve er dei som vil vaska bort oska velkomne i vaskehallen vår, sier duoen Stensletten/Myklebust med ein smil.

Bileta er tekne av ein bil ved Auto 88 og ein på Neset.

(Foto: Ola Matti Mathisen)

